

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 31.05.16

kl. 19.00 – 21.00

Tilstades: Gunnar Dalseth, Marit Huus, Kenneth Vikane, Lars Sævarhagen, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Olav Bernt Strømsnes og Una Eiken

Sak 2016/35: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Innkalling og dagorden vart godkjent.

Sak 2016/36: Godkjenning av referat frå styremøte 03.05.16.

Godkjent med følgjande kommentarar:

2016/31: Vaktliste for vatning av blomstar og søppeltøming vart bestemt på møtet.

Sak 2016/37: Status nytt kloakkanlegg:

Kramsjø bygger nytt kloakkanlegg i båthavna for abonnentar på Neset/kaien. Hardanger Maskin gjer jobben. Parkeringsplassar ved Meieriet er ikkje avklart, Herand Bygdelag sjekkar saka med teknisk etat i Jondal Kommune.

Sak 2016/38: Rekning for kloakkspyling i båthavna i 2015.

Herand Bygdelag har fått tilsendt ein faktura frå Herand Båtlag på spyling av tette kloakkrøyr i 2015. Styret diskuterte saka, og leiar Gunnar Dalseth sender skriftlig svar til Båtlaget.

Sak 2016/39: Ymse:

- a) Herand Bygdelag seier seg lei for at referat frå dei to siste møta ikkje har blitt offentleggjort etter retningslinjene. Etter forslag frå leiar, vedtok styret at skrivar skal sender referat til leiar innan to dagar etter kvart styremøte for godkjenning. Godkjent referat blir sendt til resten av styret og offentleggjerast på Herand.no og oppslagstavle på Joker seinast ei veke etter avhelde møte.
- b) Herand Bygdelag ynskjer å selje dei to kanoane dei har hatt til utleige. I fyrste omgang vil me prøve å selje dei her i bygda til nokon som vil fortsette utleige. Er det ikkje interesse for dette, vil vi selje dei på Finn.no. Kenneth Vikane gjer dette.
- c) Kasserar for Herand Bygdelag: Det har vore ein vanskelig sak å få kasserar for bygdelaget. Leiar har ivareteke vervet fram til no. Erik Sølve Hansen har sagt seg villig til å ta jobben! Gunnar Dalseth har ansvar for overgang til ny kasserar, og styret får orientering på styremøte 21.06.16. Styret får da og ein oppdatering på økonomien for fyrst halvår.
- d) Ein nabo til Herand Kulturhus spør om det er mogleg å rive pipa på det gamle skulehuset. Sigmund Eiken meiner at dette er mogleg sidan pipa ikkje er i bruk, men det er ikkje eit arbeid Bygdelaget kan gå i gang med på noverande tidspunkt. Det bør lagast ein vedlikehaldsplan for Herand Kulturhus, og fjerning av pipa kan setjast inn der.
- e) Jonsok feiring: Komiteen i 2015 satt ikkje opp ny komite for årets feiring. Herand Bygdelag har satt opp eit forslag til komite og sender saken vidare til desse. Me håpar dei ser syn med å ta ansvar for feiringa. Bygdelaget lager ein enkel instruks i protokollboka til Jonsok.

- f) Arbeidsoppgåver: Gymsalgolvet bør lakkast i sommar. Sigmund Eiken kjøpar lakk og gjer jobben. Kenneth Vikane skrapar/malar grunnmur mot fjorden på Herand Kulturhus. Sigmund sjekkar med teknisk etat i Jondal Kommune om kven som er ansvarleg for gjerdet langs gangvegen over skuleplassen. Dette er svært dårleg.

Leiar orienterte om motteke post:

- g) Jondal Kommune inviterer til frivilligverkstad på Jondal Hotell torsdag 02.06.16 kl 16 som oppfølging av tidligare spørjeskjema om frivillig arbeid i kommunen. Kaia møter for Herand Bygdelag.
- h) Jondal Kommune har delt ut tilskot til drift av lagshus. Herand Kulturhus får kr 39.000,- Med dette har Herand Bygdelag fått kompensert for leige for faste aktivitetar for lag i bygda (som er gratis på Jondal Skule for lag som bruker denne). Herand Bygdelag vil hausten 2016 ikkje ta leige for faste aktivitetar for laga Luren 4H, Herand Idrettslag og Herand Musikklag. Leiar vil skrive til laga om dette. Møteaktivitet og inntektsgivande arrangement skal betalast leige for som tidligare.
- i) Herand Bygdelag sendte etter sist møte ein invitasjon til Kommunestyret i Jondal om å ha neste kommunestyremøte i den nye salen på Herand Kulturhus. Me har motteke eit hyggelig svar frå ordføraren, men det er ikkje enda bestemt om dette lar seg gjere. Møtet er 15. juni, og me avventar endeleg tilbakemelding.

Neste styremøte vert tysdag 21.06.16

Referat Kaia Gulbrandsen